

Spørsmål til Ordføraren til spørjetimen i Meland kommunestyre 20. juni 2018.

Frå: Mjåtveitelvens foreining v/Frode Tufte.

1. Kva vil Meland Kommune no gjere for å sikre Mjåtveitvassdraget som framtidig berekraftig biotop for elvemusling?
2. Korleis vil kommunen sikre Kloppedalsbekken som oppvekstbiotop for aure og muslingar?
3. Kva konkrete tiltak vil bli gjort for å retta opp skadane som er påført reinseparken?
Korleis kan kommunen bidra? Kva skal grunneigaren gjere? Kva rolle vil kommunen at frivillige og speielt Mjåtveitelvens Foreining skal ha i reparasjonsprosessen? Kva er tidsramma?

Bakgrunn og grunngjeving for spørsmåla:

1. Skadd reinsepark. Ein reinsepark i Kloppedalselva, etablert for vern av elvemuslingen i Mjåtveitvelva, er i vår påført alvorlege skader, og ein boks med fire utsette babymuslingar er forsvunnen, (Strilen 23. mai.) Ein omfattande frivillig dugnadsinnsats og eit fleirårig restaureringsarbeid av vassdraget som biotop for den prioriterte, raudlista elvemuslingen kan no vere fånyttes.

Skadane både på fangdam, tursti, skilting og rastepllass, har sjokkert. Til no har Mjåtveitelvens forening og Li-gruppen samarbeidd godt for å etablere og pleie den no skadde reinseparken.

Reinseparken er avgjerande for bevaringa av ein restbestand og re-establering av ein levekraftig muslingsstamme, som er ein prioritert, raudlista art. «Prioritert» tyder ein av dei verst utsette i verda, omrent utrydda i Europa. Noreg og Sverige har verdsansvaret for arten! Det legg eit stort nasjonalt ansvar på fylke, kommune, grunneigarar og brukarar av vassdraget, og alle som bur nær Mjåtveitvelva og sidebekkane. Elvemuslingen i Mjåtveitvelva er (eller skal det bli «var»?) ein nasjonal skatt for Noreg!

2. Re-estableringa av elvemuslingar blir gjennomført i samarbeid med Per Johan Jakobsen (Universitetet i Bergen), som driv elvemuslingklekkjeriet på Austevoll. Men utan eit omfattande frivillig arbeid, der elevar frå Rossland- og Meland ungdomsskule har vore med, og lokalkunnskap opparbeidd over mange år hos medlemmer i Mjåtveitelvens Foreining, hadde re-estableringa ikkje vore mogleg. Om skadane no ikkje vert oppretta raskt, kan det vere fatalt for re-estableringsarbeidet. Men også eit særslig signal til elevane og alle som har gjort hundrevis av dugnadstimar. Etableringa av reinseparken ville ikkje vore mogleg utan elevane sin innsats. Kan me rekne med i framtida, at unge folk vil bry seg om sitt nærmiljø og engasjere seg frivillig arbeid, om deira enorme innsats blir bortkasta utan konsekvenser? Ingen likar å sjå sitt arbeid ruinert, og unge menneske er spesielt sensitive for det. Har me verkeleg lyst at dei lærer seg, at engasjement og frivillig arbeid ikkje lønner seg?

Når ei slik rasering kan skje, føler me at det omfattande frivillige arbeidet er bortkasta. Vi kjenner det som om grunneigarane og kommunen eigentleg ikkje vil samarbeide om prosjektet... ?

Skadane på fangdam og kantvegetasjon fører no til mye meir jordavrenning til Kloppedalselva.

Fangdammen hadde ein stor lekkasje frå før, som både NVE, Fylkesmannen og biologane meiner må tettast snarast råd. No er skaden enno meir trugande.

Det kan vere umogleg å erstatte den stadeigne, lokale stammen med ein annan. Kvar lita lokale elv har derfor stor verdi, særleg som i Mjåtveitelta der ein liten restbestand synest å ha overlevd! For heilt uventa fann ein for nokre år sidan levande muslinglarvar på elveaure i Mjåtveitelta. Med langvarig innsats klarte klekkjeriet i Austevoll å dyrka fram larvane til nokre få babymuslingar. I 2017 vart desse sette ut i to sidebekkar til Mjåtveitelta, Kloppedalsbekken ein av dei. Det er eit spennande, men sårbart re-estableringsprosjekt som har stor verdi, for forsking på arten, for å vinne sårt tiltrengt kunnskap, og for å få til ei betre naturforvalting av arten.

3. Elvemuslingen er ein miljøindikator. Han har ein fleire tusenårig historie, er naturhistorisk interessant, ein sjeldan og eigentleg robust art. Han er tvikjonna, kan bli eit par hundre år, reinsar vatnet og er viktig for andre artar. Har muslingen det godt, er miljøet han lever i godt, og dei andre artane som lever der har det godt. Han har ein miljøindikator-funksjon.

Men han er òg avhengig av elveauren for å kunne formeire seg. Auren ynglar i sidebekkane til Mjåtveitelta. Derfor er HEILE vassdraget så viktig! Derfor er det som no har skjedd så skadeleg! I 2006 viste ei teljing over 100 individ, ei ny teljing i 2009 fann bare døde muslingar, fire boss-sekker. Ingen veit kva som skjedde. Eit er sikkert: den lokale forvaltinga og kontrollen svikta, då som no.

4. Kloppedalsbekken er no avgjerande. Den nylege hogsten skjedde over og i kantsona til denne bekken, ein av kunn fire sideelver der auren no kan formeire seg. Dei andre elvene blir meir og meir tildekte og lagte i røyr, noko som gjer Kloppedalselva kanskje til den viktigast gyeelva for vertsfisk for larvane. Muslingane som lev att, er heilt avhengig av eittårige aureyngel for å overleve.

Foreininga har registrert ein kraftig reduksjon av aure i heile vassdraget dei siste åra.

5. Reinseparken var blitt ein fin og populær stad for å oppleve naturglede, og å lære om elvemuslingen og redningsprosjektet, og om Meland sitt verdsansvar. Det var – og kan bli att - eit godt miljø - og trivselstiltak, eit døme på god naturforvalting, eit døme på godt samarbeid mellom frivillige, næringsliv, eigarar og det offentlege, som tek det ansvaret verdsamfunnet har pålagt Meland.

Parken har auka livskvaliteten for menneska som bur nær området, òg for dei som skal bu i feltet som kjem her: - Dette området kan bli ei perle, og det kan vera fornuftig å spa dette som ei grøn sone i utkanten av bustadområdet, seier grunneigaren (Strilen 23.05). Det er eit godt utgangspunkt for å sikre reinseparken og Kloppedalsbekken som den avgjerande delen dei er for heile Mjåtveitvassdraget og re- etableringa av elvemuslingen.

6. Men - det kan sjå ut som om kommunen godkjenner å legge resten av Koppedalselva i røyr, noko som dei alt har begynt på utan å sokje fylkesmannen om løyve, noko ein er pliktig til i følgje til norsk lov, jfr. Vassressurslova. Mjåtveielva har 4 -5 side bekkar kor bekkeauren kan formeire seg. Alle desse bekkane er heilt eller delvis lagt i røyr, nokre for mange år sidan av grunneigarane. Moderne naturforvalting krev at slike lukka bekkar vert opna att, og det skjer også i andre kommunar. I Meland driv ein enno med bekkelukking, til alt overmål i Mjåtveitvassdraget! Vår foreining har protestert på dette. Vi fekk NVE og fylkesmann på synfaring for å sjå på dette ulovlege arbeidet. Bekkelukking er ein utdatert praksis, også fordi det aukar faren for flom og større flomskader. Kostnaden med å reparere skader etter ein eventuell flom er høge, og det er no uforsvarleg om ikkje framtidig vassregulering ikkje opprettar effektive buffersone som kan tåle store variasjonar i vassnivå.

7. Heller ikkje m.o.t. kantvegetasjon langs Kloppedalsbekken synest kommunen å følgje lova.

Kommunen har i vår felt alle tre langs bekken i eit område ved hovudvegen og viser til reguleringsplanane, som ikkje tar omsyn til kantvegetasjon og bekkelukking. Her er nokre sitat henta frå Fylkesmannen som omhandlar kantvegetasjon: (www.fylkesmannen.no/Hordaland/Miljo-og-klima/Vatn/Vegetasjonen-langs-vassdrag-skal-takast-vare-pa/ publisert 03.07.2017)

- *Den vanlege vegetasjonen inntil vassdrag og vatn har eit særskilt vern etter vassressurslova. Du kan ikkje ta bort denne vegetasjonen utan å søke Fylkesmannen. Fylkesmannen i Hordaland har oppheva vedtak i Kvinnherad kommune der kommunen ikkje tok omsyn til vegetasjonen langs vassdrag....*

Kantvegetasjonen langs vassdrag og vatn har eit særleg vern etter vassressurslova av 24.11.2000 § 1 og § 11. Den vanlege vegetasjonen langs vassdrag skal motverke vassavrenning og gi ein levestad for plantar og dyr. Det er ikkje eit vern etter naturmangfaldlova. Det er ikkje tale om ein vegetasjon med særlege kvalitetar, men heilt vanleg vegetasjon på staden. Fylkesmannen er gitt mynde som vassdragsstyremakt til å gjere unntak frå regelen. Slik regelen om vern av kantvegetasjonen er utforma, skal det mykje til å gjere unntak frå vernet. (understrekning gjort av oss).

Nokre sitat frå Vassressurslova:

§ 2.(Kva loven regnar som vassdrag og grunnvann) Som vassdrag regnast alt stilleståande eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring, med tilhørande botn og breidder inntil høgaste vanlege flomvasstand. Sjølv om eit vassdrag på enkelte strekk renn under jorda eller under isbrear, regnast det i sin heilskap som vassdrag.

Vidare står det i § 11.(om kantvegetasjon) Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverker avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Grunneigar er ansvarleg og er pålagt ei plikt til å oppretthalde kantvegetasjonen gjennom bestemmelsen i vrl § 11

(understrekning gjort av oss):

Å ta vare på kantvegetasjon ligg faktisk i grunneigarane si eigeninteresse, fordi kantvegetasjonen hindrar avrenning, minskar erosjon, reduserer eventuelle flomskadar og bidreg til betre vass- og luftkvalitet i området. Sagt på ein annan måte: kantvegetasjonen sikrar ein rikare natur, eit betre miljø, eit meir attraktivt nærmiljø, betre rekreasjons- og opplevingsmiljø for byggjefeltha som kjem her! Meir attraktive tomter... I Kloppedalsbekken sitt tilfelle er jo dette er ønskjesituasjon! Ein vinn-vinn situasjon for naturen og naturmangfaldet, elvemusling, aure og kommunalt verdansvar, grunneigarane og framtidige bebuuarar som får eit meir attraktivt nærmiljø! Her har kommunale og fylkeskommunale forvaltarar ikkje bare eit lovpålagt ansvar, men også eit stort informasjonsansvar!

Som jeg har nevnt til Leif, jeg skal være på dette møte, av en annen årsak, og håper å kunne lytte når spørsmålene blir stilt.